



Majo Eigedom  
Lindåsvegen 154  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/436 - 15/3941

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
19.02.2015

## Gbnr 137/765 Hordasmia. Førespurnad om fleire opplysningar i søknad om deling.

På vegne av eigar av gnr.137 bnr.765 har de sendt søknad om deling og om arealoverføring. Søknadane er mangelfulle:

- Det ligg ikkje føre nabovarsel
- I samband med prosjektet, vil veg til fleire eigedommar på staden verte lagt om. Det bør ligge føre avtale som syner kva rettar og plikter eigedommane i området får i samband med endringane som skjer på staden
- Det bør og ligge føre eventuelle avtalar i samband med vassforsyning og avløp, som syner at alle eigedommane er sikra rett til vassforsyning og avløp etter at endringane på staden har funne stad.
- Løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyring må ligge føre.
- Det må og leggast fram gode kart som syner kva areal som skal delast frå, og kor stor resteigedommen 137/765 vert.

På staden er det eigentleg krav om regulering før tiltak kan finne stad. Dersom kommunen skal kunne dispensere frå dette kravet, er det viktig at kommunen har tryggleik for at alle omsyn er tekne til at det ikkje oppstår konflikt i området etter at tiltaket er gjennomført.

Kommunen legg saka på venting til dei opplysningane som her er etterlyst, ligg føre.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*





**Mottakarar:**  
Majo Eigedom

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ